



## Årsmelding 2023 Sogndal Turlag

### Styret i 2023

Leif Longvanes, leiar	Tom Dybwad, styremedlem
Eldar Venes, kasserar	Anne Skaar, styremedlem
Lisbeth Dahle, nestleiar	Arild Bjørk, varamedlem
Bente Leirdal Sleen, styremedlem	Arne Lerum, varamedlem
Anne Britt Reppen Halset, styremedlem	

### Medlemstal

Sogndal Turlag har (pr. 03.12.23) 1 175 medlemmer. Samanlikna med fjoråret (1092) er det altså ein gledeleg auke. Sogndal Turlag er med dette ein stor frivillig organisasjon i kommunen.

### Aktivitet

#### Styret og drifta av laget

Det har vore gjennomført 10 styremøte. I tillegg er det gjennomført aktivitet og turar i undergrupper som er gjort greie for under. Sogndal Turlag samarbeider med Luster Turlag organisasjonssekretær. Vilde Nordlid som vart tilsett i 2022 sa opp stillinga og slutta 1. september 2022. I samband med at Nordlid slutta i stillinga var vi i dialog med DNT Sogn og Fjordane om utviding av stillingsprosenten og det vart gjort avtale om at DNT Sogn og Fjordane skal gå inn med 20%. Vidare vart Sogndal og Luster samde om å utvide med 5% kvar. Med bakgrunn i dette vart stillinga lyst ut i 80% og Gry Thyrrerup vart tilsett og tok til 1. desember.

### Turar

Sogndal Turlag har samla sett hatt god aktivitet - vi har totalt hatt med om lag 2038 deltakarar på tur og arrangement! Litt variabelt for dei ulike laga som høyrer under Sogndal Turlag – det er rapportert for kvart lag:

2023	Tal turar	Tal deltakarar
Turlagsturar	7	66
FTU	2	15
DNT Ung	5	15*
BT Sogndal	10	530
BT Leikanger	8	275
Sogndal Gålag	26	1196
<b>Totalt</b>	<b>57</b>	<b>2038</b>

\*Litt usikre tal

Foto: Anne Britt Reppen Halset:  
Utsikt frå Kvamshalsen



### Turlagsturar

I år har dessverre mange av turane blitt avlyste av ulike årsaker. Det er gjennomført 7 turar med 66 personar med - det lågaste vi har hatt på mange år. Flest deltok på «kulturturen» i Sogndalsdalen med 30 deltakarar.

L.L.



## Barnas Turlag - Sogndal

Barnas Turlag Sogndal har hatt 10 arrangement i 2023, med om lag 300 born og 240 vaksne. Lommelyktturen i november samla aleine om lag 100 deltakarar! Dette er ei fin auke i deltaking.

Kom-deg-ut-dagen vinter vart i år arrangert ved Kollsetestølen med turquiz, grilling og ski- og snøleik. Om lag 75 vaksne og barn deltok. Kom-deg-ut-dagen haust, 3. september var felles med Barnas Turlag Leikanger, og gjekk til Svartavatnet. Der var det fising, roing, padling og pizzabollar steikt på bål (sjå bilete)

Barnas Turlag Sogndal har i 2023 vore organisert av Christina Skancke Sørheim (leiar), Anne Skaar, Ola Sørensen og Astri Knudsen. Christina Skancke Sørheim vil ved utgangen av 2023 gå ut av Barnas Turlag, og sender vervet som leiar vidare til Astri Knudsen.



Foto Christina Sørheim



## Barnas Turlag Leikanger:

Barnas Turlag Leikanger har hatt eit innhaldsrikt 2023 med god variasjon i turane og veldig bra oppmøte. Det har vore alt frå kortreist skattejakt på Leikanger til "langreist" tur til Gaularfjellet, med mykje ulik fokus på turane - som ski og matlaging. Eitt av arrangementa var skiatlon 26. mars, i fint vêr i Grindsdalen. Kring 30 barn og vaksne var med på tur, dei yngste var 5 år! Me tok felles pause på Stavsete, der vart det god mat i solveggen og herjing i snøen. Bjørn Carlsen er leiar for Barnas Turlag Leikanger



Foto: Bjørn Carlsen

Me har totalt hatt 8 turar i 2023 med om lag 275 deltakarar.

Styret i 2023 har vore Thomas Scheiber, Jørgen Dahle Eikenes, Arturs Garselis, Marte Lange Vik, Sindre Ramung og Bjørn Carlsen

## FTU – Friluftsliv tilrettelagt utviklingshemma

FTU har hatt 2 aktivitetsdagar i år, ein i august og ein i september. Me har ein fast gjeng frå Balestrand med ca. 5 deltakarar, og 1-3 frå resten av kommunen. I august hadde vi naturbingo og matlaging ute. I september hadde me orientering med hjelp frå orienteringsgruppa. Det fungerte kjempebra. Alle treivst, og det var høg aktivitet. Me sit berre to i styret og opplever at det er vanskeleg å få med frivillige. Me håpar å få til 2-3 aktivitetar til våren og jobbe vidare for å få med fleire frivillige og i styret. For FTU - Ragnhild Mjøen og Ambjørg Hovda Haugen.

L.L



## DNT ung

I starten av året hadde gruppa bra aktivitet. Grunna at ein nøkkelperson flytta frå Sogndal, gjekk aktiviteten ned i siste del av året. Vi vonar på ny giv i 2024!

## Sogndal Gålag

Sogndal Gålag har no (30.10.23) 233 medlemmar. Laget har gjennomført til saman 26 turar - kvar tysdag frå og med 11.april til og med 31. oktober, med unnatak av juli månad. I gjennomsnitt har 46 personar delteke på turane. Grunna større fokus på HMS i DNT, har det i 2023 vore gjennomført risikovurdering i forkant av kvar tur. På mange av turane våre kan det synast unødvendig, men samstundes skjerpar det fokuset på «kva kan gå gale på denne turen». Gjennomføring av turane har også gått godt. Styret har vore Marit Sandvik (leiar), Arnstein Hauståker, Hans Jørgen Binningsbø, Kari Kitty Stadheim, Vidar Lægreid og Arne Lerum (kom inn som 1. vara). Kari Kitty Stadheim tok over som sekretær etter Hans Jørgen Binningsbø, som diverre gjekk bort.

På årsmøtet for Gålaget den 23.11.23 vart Vidar Lægreid takka av etter god innsats i styret i Gålaget i 5 år, og ny inn i styret kom Rasmus Stokke. Arnstein Hauståker tek over stafettpinnen som leiar.

## Merkenemnda/Stifadder

Nemnda har gjennomført både vedlikehaldsmerking og noko nymerking i 2023. Mellom anna har turgåarane fått eit nytt område tilgjengeleg med merking i Munthemarki: ein 10 kilometer lang rundtur inst ved Barsnesfjorden. Den er variert og byr på fleire utsiktspunkt og bademoglegheiter, og har rekt å bli populær. I tillegg har me rydda stiar etter vinteren, hengt oppatt litt skilt og merka betre på enkelte stiar.

På nemnda sitt møte 30.mai dukka det opp fleire som ville vera med på arbeidet i merkenemnda, det var flott! Leiar av merkenemnda er Anne Britt Reppen Halset.

### Den nye skogsturen står klar: - Det er fleire som lurar



Rundturen er på Fotsidde utover Barsnesfjorden. Foto: Hanna Fredheim

Faksimile frå Sogn Avis 26.06.2023



*Jan Olav Sleen og Jan Morten Halset ryddar sti mellom Grøssete og Kvamshagen.*

*Utsikt over Dahl. Knut Armand Iversen.*



## Hyttene

### Kollsetestølen

Tilbudet på Kollsetestølen er framleis populært, både for overnattingar og dagbesøk. Me har loggført 139 overnattingar i år. Gjestebok-innlegga vitnar om trivelege stunder og jamn bruk av hytta. I løpet av året har det vore utført utvendig vedlikehald, og som tidlegare også rydda grantre som stod tett inntil hytta. Dette har opna opp utsikta frå hytta betrakteleg, samtidig som granane vert nytta som ved. Hyttenemnda ser fram til ei vidare positiv utvikling og fellesskap på Kollsetestølen det komande året. Nemnda består av Jørn Stenehjøm, Jarle Aarvoll, Linda Kollsete og Eldar Venes.

Den 20. august var det dugnad: Takk til Anne Britt og Linda for formidabel innsats og kjekk økt der me fekk: skrappt, kosta og beisa tre av hyttesidene og skifta det meste av hjørnebord.

*Foto: Eldar Venes*



**Grøssete** har registrert 89 besøkande – omtrent som i fjor. Dugnad har vore utført i form av gasskifte, påfyll av ved, vask og skift på sengene. Det er no klarert med grunneigarane kor kloppene skal plasserast som ligg mellomlagra nedom hytta. Dei mest myrlendte områda er no markert og hyttestyret tek sikte på å få flytta kloppene til rett område med snøskuter til våren. Hyttenemnda for Grøssete har vore Magne Eikås, Reni Herland, Brit Marie Follevåg, Jorunn Fjermestad og Torbjørn Stokke.

### Kjørrdalsselet.

Hyttenemnda består av Arthur Langeland, Knut Armand Iversen, Ove Ellingsen, Gjert Grødal, Sigmar Åberge og Ingvar Åberge. Dei har i år sytt føre at restaureringa av Kjørrdalsselet nesten er ferdigstilt, slik at det er på god veg til å bli ei sjølvbetjeningshytte. Selet vil ha 2-3 overnattingsplassar, i tillegg til dagstur mål.



### Selet skal bli turlagshytte: – Det er også viktig at me tek ansvar for den nære historia



Sogn og Fjordane Turlag er eit av dei mest populære turlagene i Sogn og Fjordane. Det er populært å besøke dei ulike hyttene. Foto: Privat.

*Faksimile frå Sogn Avis 01.06.2023*

*Foto: Knut Armand Iversen*

L.L.

## Opptur 2023

Opptur vart arrangert for Kaupanger ungdomsskule 12. juni, med 18 elevar og to lærarar. Leikanger ungdomsskule vart med på opptur 13. juni, med 35 elevar og 4 lærarar. Det var flott turvêr begge dagane.

## Turpostgruppa

Også i 2023 har me hatt turpostar med premiering for barn opp til 12 år. Turane vert registrert på eit ark med info og dei ulike postane (16 stk.). Årets premie var eit panneband med logo. Tilbodet har vore etterspurd, men samtidig har det vore nedgang i tal som leverer for å få premie. Vi må finne ein ny vri neste år!

Turpostgruppa har i år vore Anne Skaar, Bente Leirdal Sleen og Eldar Venes.



## Kajakk

I år har vi halde eit kajakkurs for DNT Ung, og to kurs for vaksne. Vi har ikkje hatt kajakkgruppe i år, og set pris på om nokon kan tenke seg å bidra i dette i året som kjem!

## Valnemnda

Valnemnda har i 2023 vore Vidar Læg Reid, Bjørg Eikum Tang og Bjørn Carlsen.

## Økonomi

Økonomien i turlaget er god og i 2023 er det henta inn gode bidrag frå ulike kjelder. Sponsoravtalen med Luster Sparebank vart reforhandla i 2023 og støtta er no auka til kr. 55 000 pr. år i tre år. Vidare er det sikra kr 50 000 til ny bod og do på Kollsetestølen frå DNT S& Fj. / Sparebankstiftinga. I tillegg har det vore søkt og gjeve løyving til aktivitetar for barn/unge og FTU.

Det største økonomiske løftet for Sogndal Turlag sidan restaureringa av Grøssete for over 20 år sidan har vore restaureringa av Kjørrdalsselet. Styret vedtok i februar å løyve inntil kr. 150 000 til restaurering og tilrettelegging av Kjørdalsselet som ubetent hytte. Resterande finansiering av Kjørrdalsselet er det søkt og gjeve finansiering til frå andre kjelder. Sidan utbetalingar og støtte kjem på ulike tidspunkt, var likviditeten i turlaget pressa i september/oktober. Dette var som venta, men turlaget kom seg gjennom denne perioden utan å måtte ta opp lån/kassakreditt.

Med bakgrunn fleire tilhøve har det ikkje vore mogleg for styret å legge fram ferdig revidert rekneskap for laget til årsmøtet i 2023, men likviditeten i laget er no tilbake på normalt nivå med bankinnskott på om lag 450 000,- kr.

### **Sogndal, 06.12.2023.**

*Leif Longvanes, leiar*

*Anne Skaar, styremedlem*

*Tom Dybwad, styremedlem*

*Arne Lerum, varamedlem*

*Eldar Venes, kasserar*      *Lisbeth Dahle, nestleiar*

*Anne Britt Reppen Halset, styremedlem*

*Bente Leirdal Sleen, styremedlem*

*Arild Bjørk, varamedlem*

Sekretær for årsmeldinga: Anne Skaar

*Leif Longvanes*

*Leia*

*SOGNDAL TURLAG*

